

Fra: Nils Marton Aadland
Sendt: 17. oktober 2014 13:01
Til: lars.breivik@spv.no
Kopi: Nordpoll, Anne-Lise (anne@strilen.no); morten.saele@nordhordland.no; Postmottak Meland
Emne: Skriv til representantskapet i Sparebanken vest

Viser til telefonsamtale i dag. Under følger skriv frå underteikna til alle medlemene i representantskapet i Sparebanken Vest.

Til representantskapet i Sparebanken Vest

ANÅNDE FRAMLEGGET OM Å LEGGJE NED FILIALEN PÅ FREKHAUG I MELAND KOMMUNE

Meland kommune er kjent med at Sparebanken Vest ønskjer å leggje ned filialen på Frekhaug. Det er overraskande og beklageleg at banken planlegg å forlata Meland og dei om lag 4500 kundane her. Vi oppmodar representantskapet i Sparebanken Vest til å oppretthalda filialen på Frekhaug, som er lønsam og har ei god utvikling.

Meland formannskap hadde i møte 15.10 d.å besøk av regionbanksjef Trygve Waage der han informerte om bakgrunnen for banken sine planar om å leggje ned filialen på Frekhaug.

Vi er forstår at Sparebanken Vest må drive effektivt, men det er overraskande at banken søkjer å styrkje sin konkurranseposisjon ved å forlate om lag 4500 kundar i Meland.

Vi er kjent med at denne filialen over fleire år har hatt ei svært positiv utvikling. Ei av årsakene til det er at Sparebanken Vest er den einaste banken i Meland, og at mange ønskjer å nytte banken i lokalsamfunnet. Reaksjonane vi har mottatt etter at det blei kjent at Sparebanken Vest ønskjer å avvikle filialen på Frekhaug er unisone og sterke. Dersom kundar i Meland må reise til Knarvik/Åsane for få utført banktenester, vil banken koma i ein heilt annan og langt meir krevjande konkurransesituasjon. Det er openbart grunn til å rekne med at Sparebanken Vest vil tape kundar i Meland dersom filialen på Frekhaug blir avvikla.

Fellesrådet i Meland (tidlegare eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne) har også drøfta forslaget om å leggje ned Sparebanken Vest sin filial på Frekhaug. I uttalen heiter det: *«Fellesrådet er uroa over informasjon som er kome om at Sparebanken sin filial i Frekhaug skal leggjast ned. Det er mange som ikkje kan ta ut kontantar på anna måte enn å gå i bank. Dette vil føre til forringing av livskvaliteten til store brukargrupper i Meland. Det er viktig å få behalda den gode filialen som er i Frekhaug senter».*

Vi reknar med at Sparebanken Vest er kjent med at Meland kommune har stor vekst, både i folketal og i næringsaktivitet. Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauke. Dette biletet vil bli forsterka i åra som kjem. I følgje prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr.1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauke på 10.148 innbyggjarar fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følgje prognosane koma i Meland kommune.

Vårt håp er at representantskapet i Sparebanken Vest ser at forslaget om å forlata Meland korkje vil gagne banken eller kundane deira. Vi oppmodar igjen representantskapet til å oppretthalda filialen på

Frekhaug, som er lønsam og har ei svært god utvikling. Dette saman med det kraftig aukande kundegrunnlaget i Meland skulle tilseie at Sparebanken Vest er godt tent med å ha filial på Frekhaug.

Med venleg helsing

Nils Marton Aadland

Ordførar

Tlf: 56 17 10 25 / 922 71 050

E-post: Nils.Marton.Aadland@Meland.kommune.no



[Sjå brosiyren vår](#)